

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As
Postboks 2043 Vika
0125 Oslo

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/5915 - 23/11851

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
03.03.2023

Innvilga konsesjon på overtaking av gnr. 220/1 Store-Aurdal i Alver.

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i konsesjonslova §§ 9 og jf. § 1 gjev Alver kommune konsesjon til Oster Shipping AS for kjøp av den del av gnr. 220, bnr. 1 Store-Aurdal som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-område. Kjøpesum er oppgjeve til kr 1.300.000,-.

Det vert sett fylgjande vilkår:

- Gnr. 220, bnr. 1 som ikkje er med i overføringa skal ha vegrett til ovanforliggjande areal nord for området som konsesjonssøknaden gjeld. Tilsvarande skal eventuelt andre rettshavarar i området òg ha vegrett eventuelt kunne kjøpe seg inn med slik vegrett.
- Eigedomen som Oster Shipping AS kjøper skal tildelast nytt matrikkelnummer.

Grunngjevinga for vedtaket og vilkåra gå fram av saksutgreiinga nedanfor.

Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.

Saka gjeld

Oster Shipping AS søker konsesjon på overtaking av del av gnr. 220, bnr. 1 Store-Aurdal som i kommuneplanen sin arealdel er avsett som LNF-areal. Arealet, som er godkjent regulert til anna føremål enn LNF, treng ikkje konsesjon jf. konsesjonslova § 4, 3. ledd. Dette arealet utgjer 111,344m² inkl. arealet avsett som LNF jf. søknaden.

Den del av eigedomen (gnr. 220, bnr. 1) som saka gjeld, er leigd ut til drift av steinbrot inkludert tilkomst og randsoner for steinbrotet. Dette er gjort i samsvar med reguleringsplan og konsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning.

30.01.2023 fekk Oddvar Urdal som no skal selje eigedomen det her er tale om, løyve etter jordlova § 12 til å dele i frå eit areal med storleik om lag 3,5 daa (sak 23/136). Dette arealet er

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

i kommuneplanen sin areal del av sett til LNF. Arealet ligg mellom det regulerte arealet og elva i dalen. Arealet vart godkjent delt frå då det skal inngå som ein del av salet av det regulerte arealet. I vedtaket etter jordlova § 12 vart det sett som vilkår at gnr. 220, bnr. 1 skal ha vegrett på eksisterande og/eller framtidig ny veg fram til seljar sin eigedom nord for området som det no vert søkt konsesjon på. Dette må òg gjelde andre interessentar i området. Frist på å klage på delinga er no ute, og det er ikkje kome inn klage. Konsesjonssøknaden kan difor handsamast.

VURDERING:

Konsekvensane for landbruket vart vurdert i samband med frådeling av arealet (3,5 daa). Overdraginga kjem ikkje i strid med intensjonane i konsesjonslova § 9 der det i 3. ledd òg heiter at ein kan gje konsesjon til selskap med avgrensa ansvar (t.d. AS). Kjøpet kjem heller ikkje i konflikt med konsesjonslova § 1 slik kommunen ser det.

Det er likevel viktig at den del av gnr. 220, bnr. 1 som ikkje er med i salet, skal ha vegretten som det vart sett vilkår om i løyvet til frådeling etter jordlova. Dette gjeld òg andre interessantar som treng tilkomst til sitt areal nord for konsesjonseigedomen og som treng tilkomst over dette arealet.

Regelverk

- Konsesjonslova
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/5915»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As Postboks 2043 Vika 0125 Oslo

Side 3
22/5915 - 3